

Møtereferat

Dato: 07.05.2018

| | | |
|-------------|---|---|
| Emne: | Referat frå møte i Regionsenterringen 04.05.2018 i Knarvik, Lindås kommune | |
| | Frå Hordaland fylkeskommune | |
| | Marit Rødseth | Regional, plan |
| | Nina Gjester Hoel | Regional, plan |
| | Per Nordmark | Regional, plan |
| | Liz Eva TollefSEN | Regional, plan, fagansvar senterutvikling |
| | Hans-Christian Engum | Regional, plan, kommuneansvarleg Lindås |
| | Kari Patricia Kleppe | Regional, næring |
| | Ingeborg Sofie Sætrevik | Regional, næring |
| | Hillevi Elsizabeth Runshaug | Opplæring (for Sissel Øverdal) |
| | Kari Espelund Bruvik | Rektor Knarvik vgs |
| | Rune Nesse | Avdelingsleiar Knarvik vgs |
| | Merete Hauge | Eigedom |
| | Aleksander BJORØY | Skyss |
| | Endre Sten Nilsen | Kultur og idrett, fylkeskonservatoreN |
| Til stades: | Inge Edvardsen | Samferdsel |
| | Arve Aasland | Samferdsel, prosjektleiar innfartsparkering |
| | Jens Harald Garden | Tannhelse |
| | Martin Tvedt | Regional, analyse |
| | Lene Omdahl | Regional, klima og naturressurs |
| | Hanne Espe | Kultur og idrett |
| | Frå Lindås kommune | |
| | Astrid Aarhus Byrknes | Ordførar (siste del) |
| | Nina Bognøy | Varaordførar |
| | Ørjan Raknes Forthun | Rådmann |
| | Hogne Haugsdal | Assisterande rådmann |
| | Arne Eikefet | Prosjektleiar infrastruktur og samferdsel |
| | Øyvind Stang | Kultursjef |
| | Øystein Sørhaug | Næringssjef |
| | Trude Langedal | Arealplanleggjar/sivilarkitekt |
| | Frøydis Ones | Avdelingsleiar plan |
| Forfall: | Tannhelse og analyse | Sak: 2016/34315-11 |
| Møtetid: | 04.05.2018 kl 0915 - 1400 | Møtestad: Knarvik Kyrkje, kyrkjekjellaren |

Møteleiar: Marit Rødseth
Referent: Per Nordmark

Program:

| Tid | Innhald |
|-------------------------------|---|
| Avgang 0822 | Avgang frå Strandkaiterminalen |
| Ankomst 0844 | Båt til Knarvik |
| Buss avg. 0850 | Buss til Knarvik skysstasjon |
| 0915 – 1200 | Fellesmøte Kommunen/Regionsenterringen |
| 0915 - 1000 | Orienteringar ved Lindås kommune <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om planar og prosjekt i regionsenteret Knarvik. 2. Ønske og behov for samarbeid og samordning med Hordaland fylkeskommune v/ Lindås kommune |
| 1000-1100 (ca 10 min kvar) | Orienteringar ved Hordaland fylkeskommune/avdelingane, aktuelle tema for Knarvik <ol style="list-style-type: none"> 1. Knarvik vidaregåande skule: Trendar og behov som grunnlag for vidare utvikling. v/ Opplæringsavdelinga/rektor 2. VGS si kopling mot sentrumsutvikling. v /Eigedomsavdelinga HFK 3. Kommunal planlegging av regionsenteret – regionale planar og medverknad frå HFK. v/ Regionalavdelinga, planeksjonen 4. Kollektivtransport, kollektivterminal, innfartsparkering; status og planar. v/ Samferdselsavdelinga og Skyss 5. Kulturhus og idrettsanlegg, planar, prioriteringar og mogelegheiter. v/ Kultur- og idrettsavdelinga HFK |
| 1100 - 1200 | Synfaring med kommunen |
| 1100 – 1200 | Synfaring i sentrum: <ol style="list-style-type: none"> 1. Heilskapsperspektiv 2. Fokus på område/tema med potensiale/behov for samordning kommune/fylkeskommune |
| 1200 - 1230 | Lunsj |
| | Drøfting |
| 1230 – 1400 | Drøfting av samordning- og samarbeidsbehov - konkretisering |
| 1400 – 1445 | Synfaring Knarvik VGS v/ rektor (alle interesserte) |
| | Retur til Bergen |
| 1457 | Bussavgang Knarvik skysstasjon - til Knarvik kai |
| 1502 | Avgang hurtigbåt frå Knarvik |
| 1526 | Ankomst Strandkaiterminalen |

Lindås kommune

Knarvik kyrkje

Nina Bognøy, varaordførar, ønskte velkommen til Lindås kommune og regionsenteret Knarvik. Lindås, Radøy og Meland skal slåast saman till ein nye Alver kommune med om lag 30 000 innbyggjarar. Regionsenteret Knarvik vert regionsenter som før, og kommunesenter for den nye kommunen, dette er det semje om.

Marit Rødseth, plansjef i Hordaland fylkeskommune orientere om Regionsenterringen og om Forum for regionsenterkommunar. Hordaland fylkeskommune



ønskjer sjølv å samordha si prioritering og sine ressursar retta mot regionsenter. Fylkeskommunen ønskjer og ha ei aktiv rolle for at det vert god og nyttig dialog og samhandling med, og mellom regionsenterkommunane. Dette for å lukkast med nå måla i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

Lindås kommune vedtok samfunnssdelen av kommuneplanen i september 2017. Den har eit eige kapittel om regionsenter. Samfunnssdelen har klare mål og strategiar. Kommunen arbeider no med arealdelen som legg samfunnssdelen til grunn.

Samtidig vert det arbeidd med ein full revisjon av kommunedelplan for Knarvik og Alversund. Denne planen er viktig med tanke på korleis regionsenteret skal fungera i framtida.

Det går og føre seg eit stort arbeid knytt til ny E39, noko som er ei stor utfordring for Knarvik. Kommunen har vedtak om at ein ønskjer E39 utanom sentrum. Det skal vera ferdig plan for E39 i 2020.

Områdeplan for Knarvik sentrum starta 2010 med vedtak i 2015. Det vart og vedteke ein gjennomføringsstrategi. Realiseringa av denne planen krev store grunnlagsinvesteringar. Ei viktig sak for vidare utvikling av regionsenteret Knarvik er etablering av ei oval rundkøyring på E39. Det vart gjort planvedtak om denne rundkøyringa 3.mai 2018. Kostnaden vil vera 180 – 190 mill. kr. Kommunen håper den ovale rundkøyringa vert bygd no. Behovet skuldast vesentleg lokaltrafikk, ikkje gjennomgangstrafikken på E39 trafikken.

Det er laga ein gatebruksplan for lyssetjing i Knarvik sentrum, dette for å skapa attraktivitet.



Synfaring i regionsenteret Knarvik

Lindås kommune ønskjer at Knarvik vert ein by! No er Knarvik ein bygdeby; ein køyrer bil til, - og inne i sentrum. Kommunen ønskjer no bilar under bakken, og at ein går oppe på gateplan.

Kommunen har nyleg kjøpt viktige sentrumsområde; tomter og bygg for 70 mill. Føremålet er å sikra god sentrumsutvikling med kvalitet. Kommunen satsar no på stor utbygging av bustader i sentrum og sentrumsnært.

Kommunen har eit viktig grøntområde inn mot skule og idrettsanlegga. Diskusjon om utbygging i dette området. Området er attraktivt for t.d. bustadbygging, men også eit viktig rekreasjonsområde for regionsenteret.

Helsehuset er eit viktig prosjekt for utviklinga av regionsenteret, og viktig som samarbeidsprosjekt for 9 kommunar. Planlagt byggestart er oktober 2018 med ferdigstilling sommar/haust 2020.

Det er no tilrettelagt for 2000 bustader. Private aktørar, - 3 store aktørar, og nokre mindre ar aktuelle for å realisera ei utbygging.

Skysstasjonen in Knarvik sentrum: Når veggen vert senka må skysstasjonen flyttast.

Kommunen har forslag om å leggja skysstasjonen nord for eksisterande E39 i sentrum. Andre forslag er lengre vest, men dette vil truleg kome i konflikt med nye planar for E39 i ny trase utanom sentrum.

Kommunen vurderer det som viktig å tidleg få ei kopling mot Kvassnesstemma. Vurderer å laga mellombels byrom. Det må gjerast store terrengeformingar for å få tilkomst, og dette må byggjast tidleg pga store røyr i bakken. Finansieringa er no ei utfordring.

Kommunen har studert «funksjonsmiks» for service og skule m.m. Det vert lagt inn meir uorganiserte aktivitetar i idrettsområdet.

Regionalt kulturhus. Dette ligg truleg 10 år fram i tid. Sentrum dør ut om kvelden når butikkane stenger. Folk set seg i bilane og kører heim. Om 10 år ser ein framtid med mykje folk og mykje og aktivitet. Signalbygg med opne fasadar og med aktivitetar.

Ungdom sakna tilbod i sentrum som kino, bibliotek, badeanlegg, - breie tilbod vil skapa meir aktivitet og attraktivitet. Dette prosjektet høyrer til i nye Alver kommune. Ein ser no på aktuelle lokaliseringar, innhald, kostnader m.m.

Industribygget: Det er gjort mulighetsstudie (Norconsult) som er heilt fersk. Kommunen har ikkje studert dette enno.

VA og overvatn. Kommunen har fått laga/laga ca 50 rapportar.

Kvassnesstemma gror til om sommaren. No planlegg ein å føra inn meir vatn frå Lonane. 800 bustader i Lonane er skissert/planlagt. Det må leggjast kloakk gjennom Knarvik.

All digital infrastruktur for Knarvik er lokalisert på Helsehustomta. Dette gjev ei stor utfordring ved bygginga av helsehuset. Det må oppretthaldast kontinuerleg drift samstundes som ein flyttar all infrastrukturen til ein annan lokalitet.

Det er skissert fjellhallar for parkering under Knarvik sentrum. Parkeringsanlegg ved kaiane er og eit viktig tema, - t.d. i fjell for snøggbåtsambandet mot Bergen.

Lindås kommune samarbeider med HFK om handelsanalyse. Ønsker å sjå på dette tema for heile den nye kommunen. Skal ha møte med HFK midt i mai for å klargjera arbeidet.

Gjennom Byregionprogrammet har kommunen fått eit kunnskapsgrunnlag om m.a. næringsutvikling, befolkningsutvikling, ulike scenario, tillitsundersøkingar.

Lindås kommune har sett av 75 mill kr for utbygging, dette vert delvis forskotering som skal takast inn att gjennom utbyggingsavtalar. Kommunen har kanskje ikkje nok kompetanse på utbyggingsavtalar.

Lindås Tomteselskap er eit AS. Ønskjer å utvikla dette vidare og ser på korleis Sandnes kommune har organisert dette. Har ein eigen prosess på dette.

Det er no eit tydeleg «Alver-perspektiv». Å laga ein felles kommuneplan får ein ikkje til før det er etablert ein ny kommune. Startar med ein ny felles planstrategi. Fellesnemnda vil vera politisk ansvarleg og skal leggja til rette for vedtak av planstrategi. Det skal vera ein ansvarleg for framtidig planarbeid.

Kommunane har vedtatt ei leiargruppe for Alver kommune: 3 rådmenn, og 3 med ansvar for planlegging i dei 3 kommunane. Ein har alt etablert eit tett samarbeid på leiarnivå. Ass rådmann er leiar for samfunnsutvikling, og for den nye kommunen.

Det er ingen diskusjon om at Knarvik er, og skal vera regionsenter! Senter må ha eit omland. Dette må definierast. Lindås har definert lokalsenter med omland. Det må vera attraktive buområde rundt regionsenteret.

Lindås er invitert inn til byvekstavtale.

Hordaland fylkeskommune

Opplæring

Det er utvikla eit nyttig samarbeid mellom regionalavdelinga og opplæringsavdelinga. Har som målsetjing å styrka samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv.

Plassering er viktig for samarbeid og synergি. Det er samanheng mellom opplæring og kvar går elevane vidare. Læreplanar: Det er potensiale for fleire plassar og fleire fag.

Prognosar for elevtal er styrande. Det er etablert «Løypemelding» for oppfølging av skulebruksplan. Målet er å få til fagtilbod som er tilpassa behov i samfunns- og næringsliv, og tilpassa framtida.

Ønskje gode nære utdanningsprogram. Ønske å gje elevane kompetanse som gjer at dei kan få aktuelle og attraktive jobbar.

Det er etablert eit samarbeidsprosjektet i Nordhordland på oppdrag frå fylkestinget. Dette starta 2017, og her er tatt i bruk nye undervisningsformer. Nye modellar innan regelverket.

Eit Erasmus+ prosjekt («VET in Urban Centres», har som målsetjing å stimulera utdanninga retta mot Regionsenter.

Knarvik vgs var den største skulen i Hordaland, men er det ikkje lenger. Målet er å vera ein god skule. Skulen har om lag 1000 elevar. Desse er i regionsenteret kvar dag. Representerer dei som beveger seg i senteret. Skulen vil vera ein del av senterutviklinga!! Ønskjer å vera med i utviklingsarbeidet.

Knarvik vgs har 6 fagområde; - eit breitt tilbod. Skulen har og to spesielle tilbod for 70 elevar, og ein lukkast godt med dei som får tilrettelagt opplæring.

Det er og ein introduksjonsklasse, - positivt, men utfordrande.

Skulen tilbyr eit påbyggingsår.

Skulen har gode resultat; 95 % av elevane bestod.

Knarvik vgs har ein VG2 klasse i Cardiff (elevar har eit skuleår i Cardiff)

Skulen samarbeider godt med næringslivet; næringslaget, regionrådetog verksemder, eit resultat av å jobba tett over tid.

Skulen tilbyr TAF = Fagbrev i tillegg full studiekompetansen innan realfag. Uteksaminerte elevar er klare til å gå på vidare på universitet og høgskule. Dette tilbodet har løfta ryktet til skulen og har og løfta yrkesfaga. Bedriftene velgje elevar før elevane får plass ved skulen. Arbeider tett med næringslaget og regionrådet. 68 % av elevane har lærlingplass.

Studiar innan det Blå er spanande. Næringslivet har utfordra skulen når det gjeld havet: TAF havbrusteknologi. Jobbar no fram tilbod saman med bedrifter. Næringa treng teknologi og produksjonsmåtar.

Knarvik vgs er store på internasjonalisering. Sender mange ut og tar imot mange frå utlandet. Har fleire millionar i budsjett til dette føremålet.

Bekymringar: I 2020 vert det ny vgs i Åsane. Dette kan trekka elevar frå Norhordland vekk frå Knarvik. Men det er endringar i læreplanar som gjev håp om å demma opp for slik «lekkasje».

Det kjem ca 200 elevar frå andre sida av bru. Mykje pga TAF.

For faga design og handverk går elevtalet går ned; klarer ikkje å få nok søknader. Trur det er viktig å halde på dei kreative faga i skulen. Eit nytt prosjekt retta mot design; ulldesign i samarbeid med lokale produsentar vil vera positivt for å oppretthalda tilbodet.

Skulen må gjera seg attraktiv!!

Rektor ønskjer å ha kulturhus knytt til skulen for felles bruk og funksjonar.
Oppmodar til å ta med elevar i mogelegheitsstudiar.
Knarvik vgs kunne og jobba mykje meir med ungdomsskular.

Eigedomsavdelinga

320 mill til utviding av Juvikstølen. Kvernhusmyrane skal seljast.
Planen er å starta planarbeidet i 2023. Har og litt midlar før dette til førebuing.

Midlar til bygging er planlagt tildelt i 2025 – 2027.
Viser til eksempel Askøy, der det og skal byggjast idrettshall i tilknyting til skulen.
HFK må ha dei reguleringsmessige føresetnadane når ein skal i gang med bygging. Då går det fort.

Har brukarmedverknad før ein lagar rom- og funksjonsprogram. 2023 er plan for Knarvik
Vedtak og løvning i fylkestinget i 2024,
Opning av skulen i august 2027.
6000 m² tomten, ca 18000m² bygningsareal.

| | | |
|--------------|--------|----------------------|
| Juvikstølen: | Tomt | 22500 m ² |
| | Bygg | 9150 m ² |
| | Nybygg | 6150 m ² |
| | Rehab | 3050 m ² |

Skyss

84 nye busser skal brukast i Nordhordland. Det vert no linjer direkte til bystasjonen via Fløyfjellstunnelen.
Får no automatisk teljing av passasjerar.
Innspel: Meir direktebussar/matebussar til båten til Bergen; ikkje via skysstasjonen i Knarvik.
Betre direktesamband Knarvik – Frekhaug.
Ønskjer dialog om rutetider med skulane for å optimalisera skuletider og bussruter.
Skyss har ei eiga avdeling som arbeider med skuleskyss, og skulane/kommunen vert oppmoda om å ta kontakt med skuleskyssavdelinga.

Samordning. Mellom fleire skular. Både barneskular og

Samferdselsavdelinga

Fylkeskommunen utarbeider investerings program, som vert vedteke som del av budsjettet.

Feste kai.

Alversund er største bygda i kommunen. Her er skule med snu-sløyfe for buss. Her er mykje blanda trafikk og det vert arbeidd med 10 – 15 ulike løysingar for å forbetra situasjonen. Det vert gjennomført ein god prosess.

Knarvik.

Midlertidig terminal langs E39. Kanskje dette vert ei permanent løysing. Barneskuletomta var aktuell, då den var nære skulane, men her vert no truleg tunnelinnslag.

Flatøy

Det vert lagt til rette for ein effektiv kollektivterminal på Flatøy.

Innfartsparkering

Det er i Knarvik 4 parkeringsplassar ein fører statistikk for.

Fylkeskommunen arbeider no med handlingsplan for innfartsparkering 2019 – 2029. Etter denne planen skal det vera 6000 plassar i 2029. I dag er det registrert ca 4000 plassar, av desse er belegget 2500. I Knarvik er det registrert 242 plassar fro innfartsparkering, 192 av desse er registrert brukt. Ved kaien er det i tillegg ca 120 plassar.

Bør evt. ha ny innfartsparkering ved Alversund om det vert etablert ei snu-sløyfe for buss her (litt forbi bruha).

Kultur og idrett

Det er viktig med samordning når det gjeld kulturhus. Kommune, skule og HFK må snakka saman. 132 mill i tildelte skulemidlar i 2018.

Fylkeskommunen har fokus på snarvegar og mellombels uteom. Dette er viktig når det går føre seg utbygging, noko som vil vera situasjonen i Knarvik over lang tid.

Obs: Matematikk og kroppsøving er dei fag som har størst betydning for fråfall i skulen.

Næringsseksjonen

Når det gjeld utvikling av næring og lokalsamfunn så har fylkeskommunen midlar kommunen kan søkja om for å henta inn kompetanse/ utføra studiar/analyesar.

Viser til at det er viktig å ha arenaer for samhandling.

Plan/senterutforming

Kommunen og Lindås kommunen har eit godt samarbeid om sentrum. Fylkeskommunen er tilgjengeleg for dette/slikt samarbeid.

Byrekstavtalane inkluderer 12 kommunar i Hordaland, inkludert regionsenterkommunane rundt Bergen. Arealbruk skal vera ein viktig premiss i desse avtalane. Det vert forhandlingsmøte i juni, her har Staten ein stram regi.



*Regionsenterringen, Hordaland
fylkeskommune og Lindås kommune
med fokus på Knarvik som regionsenter.*

Møte i kyrkjekjellaren, Knarvik kyrkje

Dialog

Kva skal til for å få eit godt regionsenter?

Kulturhus er viktig. Eit regionalt kulturhus må liggja i regionsenteret. Bør det liggja meir sentralt? Kommunen skal finna aktuell tomt.

Kulturhus er eit stor løft, og det vil ta tid å realisera. Kan ein diskutera kulturhus i eit meir langsiktig perspektiv, som kan gje tillit for at ein kan realisera kulturhus? Tilsegn/lovnader om tilskot/finansiering? Det er ei tilskotsordning for regionale kulturhus. Det same gjeld for symjeanlegg (spelemidar).

Fylket kan vera proaktiv med tanke på framtidige prosjekt.
Samordning av behov mellom kultur og skule, - og kommune og fylke/vgs.

Utsegner/ moment frå dialogen:

Lindås har 300 aktive lag og organisasjonar. Det er behov!

Må få til aktivitet i sentrum.

- Vaksenopplæringa er flytta til Åsane.
- Løypemelding og justering av skulebruksplanen vert gjort årleg.
- På Askøy laga ein mogelegheitsstudie knytt til vgs. Bør starta slikt arbeid snart. Sjå på dette i det store bildet, kva kan bidra til samfunnsutviklinga.
- Etablering av Gründerverksemder i sentrum.
- Kultur og vidaregåande skule bør starta samarbeid no. Og om symjebasseng?
- Fylkeskommune bør spela inn arealbehov i kommunedelplan for Knarvik/Alversund.
- Lindås (Trude) ser på programmering/arealbehov, - bør sjå på meir enn berre skule og kultur. Bør ha eit vidt perspektiv.
- I investeringsplan for fylkesvegar er regionsenter prioritert.
- Må få til smarte løysingar: For å få folk til å reisa kollektivt må det vera lett og kjapt.
- Viktig å forhandla om byvekstavtalar! Viktig å ha gryteklares prosjekt på kollektiv og sykkel.
- Kva er kollektivinfrastruktur? - HFK har definert innfartsparkering som et aktuelt tiltak.
- At ein tapar p-plasar i Knarvik sentrum kan vera grunnlag for søknader.
- Kan fjellhallparkering og tunnel til kaien vera del av ei lysing?

Ass rådmann Hogne Haugsdal er kontaktperson for vidare samarbeid. Det bør etablerast kontakt og avklarast vidare aktivitet.